



Fløsvika Utvikling AS
Kvassnesvegen 32
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1612 - 16/15453

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
05.07.2016

Gbnr 196/4 Midtgård. Løyve til deling av areal i Fløsvika bustadfelt.

Eigedom: Gnr.196 bnr.4 Midtgård
Adresse for eiged.: Leknesvegen, 5915 Hjelmås
Type tiltak: Deling av grunneigedom, regulert areal til bustad.
Heimelshavar: Fløsvika Utvikling AS
Søker: Fløsvika Utvikling AS

Saka gjeld:

Heimelshavar eig 196/4. delar av denne eigedommen er Fløsvika Bustadfelt, som ligg i godkjend reguleringsplan planid.: 1263-20100900. Heimelshavar ynskjer no å dele dette området frå resten av 196/4. Det er søkt om å dele frå to parsellar.

Parsell 1 er 156m² og er i planen merkt BUN2. Det er areal sett av til naust.

Parsell 2 er om lag 3500m². Dette er mesteparten av det regulerte området. Parsellen inneheld følgjande føremål: G3= Grøntstruktur, f_BLK3=leikeplass, BKS1=Bustadområde for konsentrerte småhus.

Parsellen sett av til felles parkering f_SPP2 vert ikkje delt frå, då denne ligg på eigedommar med ulike eigarar.

Planstatus/dispensasjon:

For området gjeld godkjend reguleringsplan 1263-20100900. Delinga det er søkt om er i samsvar med planen. Dispensasjon er ikkje naudsynt.

Tilkomst/vassforsyning/avløp:

Løysing på infrastrukturen vert i samsvar med planen.

I tillegg gjev søknaden følgjande opplysningar:

Areala som vert frådelt får tinglyst vegrett over hovudbruket. Det gjeld både bustadområdet og naustområdet. Naustet skal i tillegg få tinglyst gangrett/tilkomst over det frådelte arealet (gjennom bustadområdet og over areal for leik og grønntstruktur).

På det frådelte arealet vil det verte tinglyst at BKS2 som ligg utanfor området har rett til tilkomst til og bruk av f_BLK3.



Det er ikkje naudsynt med uttale frå andre mynde i denne saka

Nabovarsel:

Det er sendt ut nabovarsel, og det er ikkje komme nokon merknad.

VEDTAK:

Med heimel i PBL §20-1 bokstav m), gjev Lindås kommune løyve til å dele frå parsell 1 med eit areal på 156m² og parsell 2 med eit areal på 3500m² slik det er søkt om og synt på kart merka E1 i søknad motteke i kommunen 12.mai 2016, frå gnr.196 bnr.4, samt merknad i mail til kommunen datert 29.06.16. Delinga er i samsvar med reguleringplanen for Fløsvika Bustadfelt. Parsell 1 skal nyttast til naust og parsell 2 til felles grøntareal, leikeområde og bustadføre mål.

Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling i etter §§20-1 og 26-1 i plan- og bygningslova: «Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld frådeling av to parsellar frå gnr.196 bnr.4. Parsellane ligg i regulert bustadfelt, og deling er i samsvar med den godkjende planen.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling gjeve av kommunen med heimel i pbl.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter av løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. Pbl § 21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen, vedteke av kommunestyret 17.desember 2015 gjeldande frå 1.januar 2016, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med grenser i godkjend reguleringsplan kr.4000,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker, jf. §§ 28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Fløsvika Utvikling AS

Kvassnesvegen 32 5914

ISDALSTØ